


Kultur- og kirkedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 44676/2009/C00/&13	Hilde Hernes Hovland, 71 25 88 62	04.12.2009

## Melding om vedtak - Høyring - evaluering av prøveordning med kulturkort for ungdom

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal behandla sak U – 124/09 - Høyring - evaluering av prøveordning med kulturkort for ungdom, i møte 23.11.09, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. Møre og Romsdal fylke går inn for at departementet vel alternativ c for vidare arbeid med kulturkort for ungdom.
2. Møre og Romsdal fylke skal revidere eigen strategi for ordninga "Kulturrabatt for ungdom" i tett dialog med Ungdomspanelet og Ungdommens Fylkesting. Dette skal liggje til grunn for sak til kulturutvalet.

Uttalen frå Ungdomspanelet følgjer saka.

Med helsing

Olav Bratland  
fylkesordførar

Arvid Blindheim  
kulturdirektør

Vedlegg:

- Sak U-124/09
- Uttale frå Ungdomspanelet

06 246 1 2 166

saksframlegg



Møre og Romsdal fylke



Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
29.10.2009	MR 38420/2009	Hege Merethe Gagnat

Saksnr	Utval	Møtedato
45/09	Kulturutvalet	16.11.2009
U-124/09	Fylkesutvalet	23.11.2009

## Høyring - evaluering av prøveordning med kulturkort for ungdom

### Bakgrunn

Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) har i samarbeid med Norsk Kulturråd bedt IRIS - International Research Institute of Stavanger - om å kartleggje og evaluere prøveordninga med kulturkort for ungdom.

Rapporten frå IRIS ligg på nettsidene:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/dok/hoeringer.html?id=1958>

### Samandrag av funn i rapporten

Evalueringa blei gjennomført i første halvdel av 2009 gjennom intervju med koordinatorene, fokusgrupper for ungdom (i Rogaland), fylka sine rapportar til KKD samt web-undersøking i utvalde kulturverksemder.

Rapporten viser til at målsetjingane for ordninga i liten grad er blitt oppfylt, men peikar samstundes på at ordninga har hatt kort verketid. Interesse for ordninga framstår også som stigande mange stader.

Mange av fylka sine koordinatarar peikar på at arbeidet med ordninga er eit langsiktig arbeid. Det blir av fleire også peika på utfordringar med marknadsføring overfor målgruppa, samt å få arrangørar til å gjere ein eigeninnsats. Ordninga ber preg av å vere ei "byordning" meir enn ei distriktsordning. Bruken av kulturkortet har så langt vore beskjeden, der kino saman med konsertar og festivalar er dominerande. "Finkulturelle" tilbod blir lite brukt.

Møre og Romsdal blir i rapporten samanlikna med Aust-Agder som også brukar legitimasjon som kulturkort. Dei statistiske tala for Møre og Romsdal vs Aust-Agder er gode; tal solgte billetter pr potensiell brukar og refusjonssum pr solgte billett. Begge fylka har liten administrativ innsats inn i arbeidet med ordninga.

Rapporten inneheld elles lite vurdering av Møre og Romsdal sin modell, da rapporten konsentrerer seg om fysisk selde kort vurdert opp mot stillingsressurs og budsjett. At evalueringa kun har tilbakemelding frå ungdom i eitt fylke svekkjer også verdien av evalueringa for vår del.

Nordland har den mest fråvikande ordninga frå Møre og Romsdal. Nordland bidrar med betydelege ressursar; løyvd 1,5 mill kr og oppretta 1,5 årsverk i 2008. Dei opererer med eit gratis fysisk kort som utløyser 25 % rabatt. Nordland har innlemma idrett og fysisk aktivitet i ordninga, samt rabatt på notar og instrument. Fylket refunderer ikkje mellomlegget eller gir tilskot til arrangørane, men betaler ofte transport til arrangement.

Uttale fra Ungdomspanelet til ak til Fylkesutvalet.

Anne Berit Svenkerud Halle

til:

Ann Torill Vaksvik, Kari Lilleng

19.11.2009 15:00

Cc:

Olav Bratland

Vis detaljer

06 246 166  
2 2

Hei!

Hege Gagnat ba Ungdomspanelet den 18.11.2009 om å komme med en uttale til fylkesutvalet i sak:

**Ku-45/09 A – Høring - evaluering av prøveordning med kulturkort for ungdom**

Ungdomspanelet støtter forslag til vedtak:

**Forslag til vedtak:**

1. Møre og Romsdal fylke går inn for at departementet vel alternativ c for vidare arbeid med kulturkort for ungdom.
2. Møre og Romsdal fylke skal revidere eigen strategi for ordninga "Kulturrabatt for ungdom" i tett dialog med Ungdomspanelet og Ungdommens Fylkesting. Dette skal liggje til grunn for sak til kulturutvalet.

Med følgende tillegg:

- Markedsføringen for Kulturkortet må bedres.
- Reklamematerialets design og fargevalg må vurderes, da flere sier at reklamen er "usynlig".
- Satsingen på festivaler må opprettholdes, da festivaler er noe de fleste ungdommer kjenner til.
- Info om Kulturrabatt for Ungdom på Filmweb.
- Tilbakemeldingssystem for brukere på nettet.
- Bedre refusjonssystemet for tjenesteyter, gjerne med en webside med innlogging.
- Tipshefte, Facebook og andre nettportaler, fergereklame, kinoreklame med informasjon til ungdommene om hva kulturrabatten kan brukes til og annen informasjon.

Ungdomspanelet mener at Kulturkortordningen er ekstremt viktig for ungdom i både distriktene og byene. En må forvente at det vil ta tid før ordningen vil fungere optimalt, og Ungdomspanelet mener at ordningen bør videreføres.

For Ungdomspanelet,  
Jørgen Ask Bakke